

**Notat**

Dato: 07.05.2019  
Arkivsak: 2018/16486-33  
Saksbehandlar: thoare

---

**Til:** Partssamansett utval (PSU)

---

**Frå:** Prosjektlear Rune Haugsdal

---

## Administrativ organisering og leiingsdeling

### 1.0 Bakgrunn

Gjennom følgjande vedtak i fellesnemnda, 17.12.2017, fekk prosjektlear fullmakt til fastsetjing av den framtidige administrative organiseringa i Vestland fylkeskommune:

Gjennom følgjande vedtak i fellesnemnda, 17.12.2017, fekk prosjektlear fullmakt til fastsetjing av den framtidige administrative organiseringa i Vestland fylkeskommune:

1. «Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektlear fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17. 2
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektlear fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektlear får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.»


Med tilvising til fellesnemnda si delegering av mynde til prosjektlear, informasjons- og drøftingsmøte med tillitsvalde, sak i partssamansett utval, 21.september 2018, har prosjektlear i notat datert 13.november 2018, fastsett framtidig overordna administrativ organisering i Vestland fylkeskommune.

Prosjektlear har vidare gjennomført drøftingar med dei tillitsvalde og lagt fram sak med forslag til vidare organisering av avdelingane på møte i partssamansett utval 4.februar 2019.

Prosjektlear presenterer i dette notatet organisatoriske justeringar (leiarnivå 3) og ytterlegare organisasjonsutforming (leiarnivå 4) innanfor avdelingane, slik det framgår av oppdaterte organisasjonskart under. I tillegg presenterer prosjektlear i dette notatet status for leiingsdeling og kjønnsfordeling i samband med innplassering av nye administrative leiarar i Vestland fylkeskommune.


## 2.0 Oppdaterte organisasjonskart

### 2.1 Avdeling for innovasjon og næringsutvikling




- Seksjon med tidlegare nemning Fagdirektør – ekstern strategisk kontakt, får ny nemning som Ekstern kontakt.
- Seksjon med tidlegare nemning Verdiskaping i byar og regionar, får ny nemning som Verdiskaping i byregionar.
- Seksjon med tidlegare nemning Stab for HR, økonomi, kommunikasjon og strategi, får ny nemning som Stab.
- I denne avdelinga er det lagt opp til å organisere arbeidet med regional kompetansepolitikk i ei eiga eining (Karriere Vestland) under seksjon for forskning, kompetanse og internasjonalisering.

### 2.2 Avdeling for opplæring og kompetanse




- Tidlegare seksjon med nemninga Stab underlagt ass.fylkesdirektør er flytta direkte underlagt avdelingsdirektør.

### 2.3 Avdeling for mobilitet og kollektivtransport




- Oppretting av eigen seksjon men nemninga Stab
- Seksjon med tidlegare nemning Stab og forvaltning, får ny nemning som Forvaltning
- Einingar for eigarstyring tidlegare underlagt seksjon for Strategi og eigarstyring er flytta direkte underlagt avdelingsdirektør.

### 2.4 Avdeling for infrastruktur og veg




- Slik som figuren viser er det lagt opp til å opprette i alt 16 nye einingar (nivå 4) under seksjonane i denne avdelinga.

## 2.5 Avdeling for kultur, idrett og inkludering




- Seksjon med tidlegare nemning Ålmen kultur, får ny nemning som seksjon for Kulturutvikling
- Seksjon med nemning Stab for inkludering, strategi og analyse, får ny nemning som seksjon for inkludering, strategi og analyse
- Seksjon tidlegare nemning Stab for merkantil støtte, får ny nemning som Stab.

## 2.6 Stabsavdeling for strategisk utvikling og digitalisering



- Seksjon med tidlegare nemning IKT – drift og forvaltning, får ny nemning som seksjon for IKT.
- Seksjon med tidlegare nemning Folkehelse, regional og kommunal planlegging, får ny nemning som seksjon for Plan, klima og folkehelse
- I denne avdelinga er det lagt opp til ytterlegare organisering av arbeidet innanfor IKT-seksjonen, med i alt fire nye einingar (nivå 4).

## 2.7 Stabsavdeling for organisasjon og økonomi



- Seksjon med tidlegare nemning Politisk sekretariat og dokumentsenter, får ny nemning som Politisk sekretariat.
- Seksjon med tidlegare nemning Stab og juridiske tenester, får ny nemning som seksjon for Juridiske tenester.
- Seksjon med tidlegare nemning HR, HMS og organisasjonsutvikling, får ny nemning som seksjon for HR.
- Seksjon med tidlegare nemning Bygg og egedom, vert etablert som eiga eining med nemninga Egedom.
- Som figuren viser er det i denne avdelinga lagt opp til ytterlegare organisering av arbeidet innanfor fleire av seksjonane/Egedom med i alt 9 nye einingar (nivå 4).

## 3.0 Leiingsdeling

For å sikre oppfølging av intensjonsplanen har prosjektleiar understreka behovet for å vidareføre ei deling av lokalisering av mellomleiar-nivået mellom administrasjonsstadene i det nye fylket. Det vil vere nødvendig med administrativ leiing, kompetanse og kapasitet i dei eksisterande administrasjonsstadene for å sikre regional balanse og merksemd på heile fylket. Dette vil motvirke sentralisering og at Bergen som administrasjonssenter vert for dominerande i den nye fylkeskommunen.

Ei bevisst haldning og tilnærming til leiingsdeling på denne måten, vil også skape grobottn for samarbeid, gjensidig aksept og respekt blant dei tilsette i samanslåingsprosessen. Dette vil vere viktige føresetnader for å bygge ein ny felles administrasjon, med kompetanse og gjennomføringskraft som samfunnsutviklar og tenesteproducent i det nye fylket.

I ei slik leiingsdeling vil det også kunne oppstå løysingar der leiing og hovedtyngden av medarbeidarane er fysisk lokalisert på ulike stader. Prosjektleiaren vil i første omgang understreke at leiing, oppfølging og styring i stor grad kan føregå med bruk av IKT-verktøy for kommunikasjon og samhandling. På sikt vil det i neste omgang vere aktuelt i større grad å allokere personellressursar der mellomleiar-nivået er fysisk lokalisert.

Etter at innplassering/tilsetning av dei nye leiarane (nivå 3 og nivå 4) no i hovudsak er gjennomført viser leiingsdelinga og kjønnsfordelinga følgjande oversikt:

**Geografisk leiingsdeling**

Leikanger og Førde	36%
Bergen	64%

**Kjønnsfordeling**

Kvinne	42%
Mann	58%